



Arkivnr: 2017/15373-4

Saksbehandlar: Øydis Rydland Ziem

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		01.02.2018

**Oppnemning av politisk saksordførar til saka «Opplæringsbehov for elevar med psykiske vanskår»****Samandrag**

Utval for opplæring og helse behandla i møte 17.10.2017 og 07.11.2017 meldingssak RS 39/17, Opplæringsbehov for elevar med psykiske vanskår. Av møteboka 07.11.2017 går dette fram:

Christoffer Thomsen (FrP) stilte spørsmål i sak RS 39/17 (frå møte den 17.10.2017) om det skulle oppnemnast ein politisk saksordførar i saka.

Christoffer Thomsen (Frp) sette fram slike oversendingsforslag til fylkesordføraren:  
«Dan Femoen vert føreslått som saksordførar.»

*Røysting*

Thomsen sitt forslag vart samråystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren.

Fylkesrådmannen viser til delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune, fellesreglement for utvala, pkt. 3:

*Saksordførar*

Fylkestinget oppnemner saksordførar for saker som vert lagde fram for fylkestinget og for saker som etter delegasjon vert avgjorde av fylkesutvalet når det ut frå sakstype er føremålstenleg å ha saksordførar. Saksordføraren skal følgja saka gjennom heile prosessen, også ved handsaminga i fylkesutvalet. Saksordføraren har samordningsansvar dersom saka omfattar fleire utval sitt arbeidsområde. Nærare kriterium for saksordførarordninga går fram av Retningsliner for saksordførarordninga, vedteke av fylkestinget 24.03.99 (sak 25/1999).

Fylkesrådmannen meiner at saka «Opplæringsbehov for elevar med psykiske vanskår» er ei viktig sak for fagutvalet, og det er ei sak som er av slik prinsipiell interesse at endeleg vedtak må gjerast i fylkesutvalet eller fylkestinget. Fylkesrådmannen innstiller difor på å kome ynskjet frå Utval for opplæring og helse i møte ved at det vert lagt opp til vedtak om politisk saksordførar.

Sidan arbeidet i prosjektgruppa er kome i gang, hastar det å nemne opp saksordførar. I reglement for fylkesutvalet pkt. 3 er det opna for at fylkesutvalet kan ta avgjerd i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget, når det er naudsynt å treffen vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn fylkestinget. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet nemner opp saksordførar til saka «Opplæringsbehov for elevar med psykiske vanskår».

**Økonomi: Ingen effekt**

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen effekt

### **Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet nemner opp Dan Femoen (H) til politisk saksordførar for saka «Opplæringsbehov for elevar med psykiske vanskar».

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkessjef opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 15.01.2018

Utval for opplæring og helse behandla i møte 17.10.2017 og 07.11.2017 meldingssak RS 39/17, Opplæringsbehov for elevar med psykiske vanskar. Av møteboka 07.11.2017 går dette fram:

Christoffer Thomsen (FrP) stilte spørsmål i sak RS 39/17 (frå møte den 17.10.2017) om det skulle oppnemnast ein politisk saksordførar i saka.

Christoffer Thomsen (FrP) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføraren:  
«Dan Femoen vert føreslått som saksordførar.»

### *Røysting*

Thomsen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren.

Fylkesrådmannen viser til delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune, fellesreglement for utvala, pkt. 3:

### *Saksordførar*

Fylkestinget oppnemner saksordførar for saker som vert lagde fram for fylkestinget og for saker som etter delegasjon vert avgjorde av fylkesutvalet når det ut frå sakstype er føremålstenleg å ha saksordførar. Saksordføraren skal følgja saka gjennom heile prosessen, også ved handsaminga i fylkesutvalet. Saksordføraren har samordningsansvar dersom saka omfattar fleire utval sitt arbeidsområde. Nærare kriterium for saksordførarordninga går fram av Retningsliner for saksordførarordninga, vedteke av fylkestinget 24.03.99 (sak 25/1999).

Fylkesrådmannen meiner at saka «Opplæringsbehov for elevar med psykiske vanskar» er ei viktig sak for fagutvalet, og det er ei sak som er av slik prinsipiell interesse at endeleg vedtak må gjerast i fylkesutvalet eller fylkestinget. Fylkesrådmannen innstiller difor på å kome ynskjet frå Utval for opplæring og helse i møte ved at det vert lagt opp til vedtak om politisk saksordførar.

Sidan arbeidet i prosjektgruppa er kome i gang, hastar det å nemne opp saksordførar. I reglement for fylkesutvalet pkt. 3 er det opna for at fylkesutvalet kan ta avgjerd i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget, når det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn fylkestinget. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet nemner opp saksordførar til saka «Opplæringsbehov for elevar med psykiske vanskar».